

REPRESENTANTSKAPSMØTE

NORDHORDLAND REVISJON IKS

Dato: Fredag 7. juni 2019
Kl.: 09.00 – 10.00
Stad: Knarvik, møterom til Nordhordland Revisjon IKS

Desse møtte:

Austrheim kommune: Per Lerøy
Masfjorden kommune: Karstein Totland
Meland kommune: Øyvind H. Oddekalv (leiar)
Fedje kommune: Stian Herøy
Radøy kommune: Jon Askeland
Modalen kommune: Tom Kristian Thorsen (nestleiar)

Forfall:

Osterøy kommune: Jarle Skeidsvoll

Dessutan møtte: Styreleiar Lovisa Midtbø og revisjonssjef Janne Eraker

SAKSLISTE:

- SAK 01/19 GODKJENNING AV MØTEINNKALLING OG SAKSLISTE
SAK 02/19 GODKJENNING AV MØTEUTSKRIFT 07.12.2018
SAK 03/19 MELDINGAR
Møteutskrift styret 21.01.2019
Møteutskrift styret 26.03.2019
Møteutskrift styret 06.05.2019
Møteutskrift styret 03.06.2019 (utdelt i møte)
Orientering frå styreleiar
SAK 04/19 GODKJENNING AV ÅRSMELDING OG ÅRSREKNESKAP 2018
SAK 05/19 MØTEGODTGJERSLE
SAK 06/19 GODTGJERSLE TIL REVISOR
SAK 07/19 ORIENTERING FRÅ STYRELEIAR OM SELSKAPETS FRAMTID
-

Leiar i representantskapet Øyvind H. Oddekalv, ynskte velkommen.

Etter lov om interkommunale selskap § 9 skal møteutskrifta underskrivast av møteleiar og to av representantane som blir vald i møtet. Til å underskrive møteboka vart vald Per Lerøy og Karstein Totland i tillegg til representantskapsleiar.

SAK 01/19 GODKJENNING MØTEINNKALLING OG SAKLISTE

Vedtak:
Møteinnkalling og sakliste vart godkjent.

SAK 02/19 GODKJENNING AV MØTEUTSKRIFT 07.12.2018

Det var ingen merknader til møteutskrift.

Vedtak:
Møteutskrift av 07.12.2018 vart godkjent.

SAK 03/19 MELDINGAR

- Møteutskrift styret 21.01.2019
- Møteutskrift styret 26.03.2019
- Møteutskrift styret 06.05.2019
- Møteutskrift styret 03.06.2019 (utdelt i møte)
- Orientering frå styreleiar
 - Spesielt halvår på mange måtar
 - Seine leveransar
 - Samanslåing

Vedtak:
Meldingane vert tekne til etterretning.

SAK 04/19 GODKJENNING AV ÅRSMELDING OG ÅRSREKNESKAP 2018

Årsmelding, rekneskap, revisjonsmelding og signert fullstendighetserklæring er sendt ut med innkalling.

Styret har gjort fylgjande vedtak om årsmelding og årsrekneskap 2019 i sak 14/19:

Samrøystes vedtak:
Styret godkjenner og signerer årsrekneskap og årsmelding.

Styret gjer framlegg om fylgjande vedtak i representantskapet:

Representantskapet godkjenner årsrekneskap og årsmelding for 2018. Årets meirforbruk, kr 295 757, blir dekkja inn ved bruk av disposisjonsfond.

Rekneskap og årsmelding vart gjennomgått og kommentert.

Samrøystes vedtak:

Representantskapet godkjenner årsrekneskap og årsmelding for 2018. Årets meirforbruk, kr 295 757, blir dekkja inn ved bruk av disposisjonsfond.

SAK 05/19 MØTEGODTGJERSLE

Vedlagt innkalling låg oversikt over godtgjersle etter tidlegare vedtak i representantskapet.

I representantskapet sitt møte 14.06.2011, sak 05/11 vart det uttrykt ynskje om at valnemnda legg fram innstilling i framtidige saker om fastsetting av møtegodtgjersle. Valnemnda presenterte sitt framlegg i møtet.

Samrøystes vedtak:

Nye satsar med virkning for 2019:

	Gjeldande	Ny sats
Godtgjersle leiar	Kr 40 000	Kr 40 000
Godtgjersle nestleiar	Kr 10 000	Kr 10 000

Nye satsar med virkning frå 07.06.2019:

	Gjeldande	Ny sats
Møtegodtgjersle	Kr 1 600	Kr 1 600
Tapt arbeidsfortjeneste udokumentert	Inntil kr 1 700	Inntil kr 1 700
Tapt arbeidsfortjeneste dokumentert	Inntil kr 3 400	Inntil kr 3 400

SAK 06/19 GODTGJERSLE TIL REVISOR

Revisjonsgodtgjersle er utgiftsført med kr 27 527 i 2018. I 2017 var utgiftsført revisjonshonorar kr 26 500.

Samrøystes vedtak:

Godtgjersle til revisor blir godkjent etter rekning.

SAK 07/19 ORIENTERING FRÅ STYRELEIAR OM SELSKAPETS FRAMTID

Styreleiar orienterte om prosessen og status.

- Ønskje om fokus på utvikling av forvaltningsrevisjon i eit nytt selskap
- Utkast til selskapsavtale vart utdelt og gjennomgått.

Vedtak:

Orienteringa vert teken til etterretning.

Knarvik, 7. juni 2019



Øyvind H. Oddekalv
Leiar i representantskapet



Per Lerøy



Karstein Totland